

Prosten i Vesthordland

Rong 28.01.2013

Vår sakshandsamar: Olav Martin Vik  
kyrkjeverje@kyrkja.net  
Vår ref.: 09/00010-016  
Arkivkode: 312

### **Ordning for hovudgudstenesta - lokal grunnordning - endring i ordninga vedteke 23.1.2013**

Kyrkjeverja viser til oversendingsbrev i høve den lokale grunnordninga, datert 5.11.2012 ref. 09/00010-12.

Soknerådet har i møte den 23.1.2013 i sak 004/13 gjort følgjande endringsvedtak:

"Øygarden sokneråd viser til sitt vedtak den 31.10.2012 i sak nr. 029/12 "Lokal grunnordning for gudstenesta, hovudgudstenesta og melodiar" og gjer følgjande vedtak mot 1 røyst (SM) om endringar i den lokale grunnordninga:

1. Ledd 1 Førebuing vert endra til å lyda:  
Kyrkjerommet skal vera ope i god tid før gudstenesta tek til  
Klokkeringing, informasjon om gudstenesta i dag, stille, 3 klokkeslag.  
  
Syndsvedkjenninga si plassering i gudstenesta vert tillagt gruppa som førebur gudstenesta.  
  
Dåpen kjem etter Lovsong Gloria.
2. Ledd 8. Dagens bøn  
Dette leddet skal ikkje vera med. Samlingsbøna ledd 4 erstattar Dagens bøn.
3. Ledd 21. Nattverdsmåltidet  
Ordlyden: Brødsbrytinga. "Oblaten skal brytast" utgår.
4. Det skal ikkje søkjast om dispensasjon frå gjeldande "Dåpsliturgi" og "Nattverdsliturgi".

Sokneprest Svenn Martinsen la fram ein e-post sendt soknerådet kvelden før møtet, samt kopi av brev til biskopen, datosett 18.1.2013, som omhandlar saka. Desse dokumenta skal følgja saka."

Vedlagt følgjer:

- Dokumentet "Lokal grunnordning for gudstenesta" med vedlegg (struktur og musikk).
- Skriv frå sokneprest Svenn Martinsen som relaterer seg til handsaminga i soknerådet 23.1.2013, ref. det siste avsnittet i vedtaket.

Venleg helsing

  
Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

Vedlegg: iht. spesifikasjon ovanfor.



# Øygarden sokneråd

## Lokal grunnordning for gudstenesta

- Ordning for hovudgudstenesta – lokal grunnordning

Vedteken i Øygarden sokneråd i sak 029/12 31.10.2012 og endra i sak 004/13 23.1.2013.

### A. Hovudgudsteneste

Soknerådet har vedteke at **Høgmessa** skal vera hovudgudsteneste i Øygarden.

I gruppa som førebur gudstenestene er prest og kantor faste medlemer.

Gruppa som førebur gudstenesta har høve til å tilpassa gudstenesta ut i frå planar om trusopplæring, diakoni og element som Sprell Levande og Soul Children. Dette gjeld også om det skal vera nattverd eller ikkje.

### B. Gongen i gudstenesta

#### **Ledd 1** Førebuing

Kyrkjerommet er ope i god tid før gudstenesta tek til.

Klokkeringing, informasjon om gudstenesta i dag, stille, 3 klokkeslag.

Syndsvedkjenninga si plassering i gudstenesta vert tillagt gruppa som førebur gudstenesta.

Dåpen kjem etter Lovsong Gloria.

#### **Ledd 8.** Dagens bøn

Dette leddet skal ikkje vera med. Samlingsbøna, ledd 4, erstattar Dagens bøn.

#### **Ledd 16.** Kunngjeringar

Kunngjeringar kjem før forbøna. Dette gjeld informasjon, offerføremål, helsingar, vitnemål og forbønsynskje.

Me minnast dei døde og ber for dei sørkjønne etter forbøna.

#### **Ledd 19.** Takkoffer (ledd 18 går ut)

Takkoffer frå kyrkjelyden vert normalt teken opp under salmen før nattverdsmaaltidet.

#### **Ledd 20.** Takkseiing og bøn

"Mysteriet i trua er stort" A: "Kristus døydde, Kristus stod opp, Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden"



## Øygarden sokneråd

### **Ledd 21** Nattverdsmåltidet.

#### Fredshelsinga

Soknerådet opnar opp for fredshelsing der den frammøtte helsar på den som står på sida av ein og seier "Guds fred". Liturgen vurderer når dette kan vera tenleg.

"Kom for alt er ferdig"

Etter at ein har sungne "Du Guds Lam"

### **C. Dei enkelte ledda**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

#### **Ledd 4. Samlingsbøn**

Den tidlegare klokkarbøna kan nyttast (Samlingsbøn nr. 3, 2.29) når dette høver i gudstenesta.

#### **Ledd 5. Syndsvedkjenning**

Her skal som hovudregel nyttast syndsvedkjenning nr. 6, og lovnadsord nr. 1 2.35, Liturgen og gruppa som førebør gudstenesta kan bestemma variasjon når dette høver.

#### **Ledd 6. Bønerop Kyrie**

Liturgen og gruppa som førebur gudstenesta bestemmer dette og det vert gitt rom for variasjon.

#### **Ledd 7. Lovsong Gloria**

Liturgen og gruppa som førebur gudstenesta bestemmer dette og det vert gitt rom for variasjon.

#### **Ledd 12. Evangelium**

Når det ligg til rette for det kan det vera evangelieprosesjon. Dette vert førebudd av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta. Halleluja/salme vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

#### **Ledd 14. Truvedkjenninga**

Den apostoliske truvedkjenninga vert normalt nytta. Den nikenske truvedkjenninga vert nytta på høgtidsdagar og om mogeleg når det er kor med i gudstenesta. Liturgen/gruppa som førebur gudstenesta bestemmer dette og om truvedkjenninga skal lesast eller syngjast.



## Øygarden sokneråd

### **Ledd 17.** Forbøn

Val av forbøn og innhaldet vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

Kyrkjelydssvar til forbøn vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

### **Ledd 20.** Takkseiing og bøn

Den gamle ordlyden av Fader vår skal nyttast. Bøna kan syngjast i tilknyting til nattverdsmåltidet.

### **Ledd 22.** Avslutninga på måltidet

Takkebøna vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

### **Ledd 24.** Velsigning

Innhaldet vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

### **Ledd 25.** Utsending

Val av utsendingsord og plassering vert avgjort avgjord av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

## **D. Kyrkjelyden si deltaking i svar og bøner**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Amen etter inngangsordet (ledd 3)

Kyrkjelyden svarar Amen etter inngangsorda.

Respons etter tekstlesingane (ledd 9-12)

Kyrkjelyden kan seia: "Gud vere lova" Soknerådet er usikker på responsen frå kyrkjelyden og er klar på det at dette må prøvast.

Den avsluttande delen av bønene for takkeoffer, ledd 18-19.

Vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

Den avsluttande delen av tilseiingsordet etter utdelinga, ledd 21.

Vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

Den avsluttande delen i tre av alternativa til takkebøn etter nattverdsmåltidet, i ledd 22.

Vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.



## Øygarden sokneråd

### E. Nattverd

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

#### Vin og brød

Vin og brød vert normalt plassert på alteret før gudstenesta tek til.  
Eventuelt kan vin og brød vera ein del av inngangsprosesjon når dette høver.  
Dette vert avgjort av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

#### Utdelingsmåte

Det vanlege skal vera at vin og brød vert delt ut ved alteret, gruppe for gruppe eller kontinuerlig. Utdelingsmåte varierer ut i frå forventa framsmøte og innhaldet i gudstenesta. Utdelingsmåte vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

#### Bruk av Nattverdsordning for særlege høve:

Dette vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudsteneste eller handlinga.

### F. Dåp

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

#### Medverknad frå dåpsfamilien eller andre medliturgar under dåpen.

Liturgen/ gruppa som førebur gudstenesta står fritt til å gi dåpsfamiliane eller medhjelparar i gudstenesta høve til å delta under dåpen.

#### Bruk av dåpslys.

Dåpsfamilien får dåpslys. Dåpslyset skal tennast etter dåpshandlinga og lyset skal plasserast i lysestaken som ein brukar ved denne handlinga.

#### Når i gudstenesta det fulle namnet til dåpsbarnet/dåpskandidaten skal nemnast:

Namnet vert nemnt i kunngjeringane.

#### Kor ofte kan det vera dåp i hovudgudstenesta

Det vert lagt til rette for dåp i dei fleste gudstenestene. Dette vert bestemt etter kvart som dåp vert meldt inn.

#### Kor mange dåpsborn/dåpskandidatar kan det vera i ei gudsteneste.

Det skal maksimum vera 4 dåp i gudstenesta.

#### Dåp i eiga gudstenesta

Dette vert bestemt av gruppa som førebur gudstenestene, når det er behov for det



## Øygarden sokneråd

### G. Liturgisk musikk

Soknerådet har gjort vedtak om melodiar til desse ledda, **ref. vedlegg 2.**

Bønerop Kyrie  
Lovsong Gloria  
Halleluja  
Truedkjenning Credo  
Kyrkjelydssvar (forbøn)  
Helsing Prefasjonsdialog  
Heilag Sanctus  
Fadervår  
Du Guds Lam Agnus Dei  
Velsigninga

### H. Medliturgar

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Når ein skal nytta medliturg der det står ML/L eller L/ML

Det skal arbeidast med involvering av frivillige i gudstenestene. Gruppa som førebur gudstenestene legg til rette for slik involvering. Dette kan vera faste medliturgar, konfirmantar eller born når dette høver.

Plan for korleis medverknaden til medliturgane kan utvidast

Soknerådet vil arbeida vidare med dette men liturgen kan når det høver utvida oppgåvene til medliturgane.

Retningsliner for kleda til medliturgane (sivile eller liturgiske klede):

Medliturgen nyttar sivile klede.

### I. Rørsler og handlingar

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Om kyrkjelyden skal stå eller sitja under inngangs- og utgangssalmen, eventuelt også under andre salmar.

Normalt står ein under inngangs- og utgangssalmen. Det vert elles gitt høve til variasjon og liturgen bestemmer dette.

Inngangs- og utgangsprosesjon

Kyrkjelyden skal stå ved desse prosesjonane.

Evangelieprosesjon

Kyrkjelyden skal stå ved denne prosesjonen.

Søndagsskuleprosesjon

Ikkje aktuelt.



## Øygarden sokneråd

Korleis ofring skal skje.

Det vert gitt høve til variasjon og gruppa som førebur gudstenesta bestemmer korleis ofringa skal skje.

Høve til lystenning.

Det vert gitt høve til å tenna lys i gudstenesta (under heile sermonien).

Frambering av brød og vin.

Dette vert bestemt av liturgen/gruppa som førebur gudstenesta.

## J. Praktiske forhold og tilrettelegging

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

Rutinar for bruk av kyrkjerommet, før under og etter gudstenesta.

Kyrkjene i Øygarden er normalt opne 1 time før gudstenesta tek til. Eventuelle øvingar eller anna praktisk aktivitet skal vera avslutta seinast 10 min. før gudstenesta tek til.

Universell utforming

Kyrkjene i Øygarden har universelle løysingar med unntak av Hjelme gamle kyrkje.

Retningsliner for privat fotografering og lyd- og biletoppak under gudstenesta

Normalt kan ein fotografera eller gjera lyd og biletoppak i kyrkja. Det er liturgen som endeleg bestemmer dette.

Andre faste rutinar ut frå lokalt sær preg og lokale behov.

Ikkje aktuelt.

## K. Retningsliner for årsplanen

Soknerådet har gjort følgjande vedtak

Kor ofte skal ein feira dei ulike typane hovugdustenester i kyrkjelyden, og i dei ulike kyrkjene dersom det er fleire.

Normalt er det gudsteneste i ei av kyrkjene kvar søndag og på høgtidsdagar og 17. mai.

Dersom det er fleire kyrkjer, kva kyrkje dei særskilde høgtidsdagane skal feirast i, og korleis desse dagane kan veksla frå år til år.

Det vert alternert mellom kyrkjene. På julafta og 17. mai er det gudstenester i begge kyrkjene.

Korleis trusopplæringa i kyrkjelyden skal integrerast i gudstenestefeiringa

Dette vert det arbeidd kontinuerleg med, mellom anna gjennom familiegudstenester og andre gudstenester der trusopplæringa kjem til syne eller brukti gudstenesta.



## Øygarden sokneråd

Korleis ein i gudstenestelivet skal ta omsyn til planane til kyrkjelyden for diakoni, misjon, kyrkjemusikk m.m.

Soknerådet vil arbeida med å innarbeida diakoni i gudstenestelivet, mellom anna at funksjonshemma kan delta på ordinære gudstenester. Misjonen står sterkt i kyrkjelydane og dette vert synleggjort både i offer og at ein tidvis nyttar m.a. misjonærar og predikantar frå misjonsorganisasjonane i gudstenesta. Dette skal vidareførast.

Kora i regi av kyrkja skal nyttast i gudstenestene.

### Temagudstenester

Forbønsgudstenesta er lagt som ei temagudsteneste.

### Vedlegg:

1. Strukturen for hovudgudstenesta (høgmessa).
2. Bruk av melodiar til liturgiske ledd.

**Vedlegg 1 Strukturen for hovudgudstenesta**  
 Vedteken i Øygarden sokneråd 31.10.2012 og endra i sak 004/13

**Øygarden Prestegjeld.**  
**Blomvåg og Hjelme Sokn.**  
**Vedlegg til Ordning for Hovudgudsteneste-Lokal Grunnordning.**  
**Oversyn over rekkefølge liturgiske ledd. Versjon 31.10.2012 og endra i sak 004/13**

LEDD OHG	DØME PÅ TILPASSA GUDSTENESTE(FG/FM, FORBGT, KVG, SKG, BHG <sup>1)</sup> )
FØREBUING. BØN. EVT. VIN OG BRØD TIL ALTAR. KLOKKERINGING.	FØREBUING
INNGANGSSALME/ INNGANGSPROSESJON. KL STÅR.	INNGANGSSALME/INN- GANGSPROSESJON/KAN GÅ UT VED KVG.
INNGANGSORD M.KYRKJELYDSSVAR	INNGANGSORD
SAMLINGSBØN	
SYNDSVEDKJENNING OG LOVNADSORD	SYNDSVEDKJENNING OG LOVNADSORD/VED FORBGT./KVG. ETTER PREIKA. EVT.SKRIFTEMÅL.
BØNEROP(KYRIE)	BØNEROP(KYRIE) / IKKJE VED KVG.
LOVSONG (GLORIA/ LAUDAMUS)	LOVSONG (GLORIA/ LAUDAMUS) / IKKJE VED KVG.
DÅP	
1.LESING GT. M.KYRKJELYDSSVAR	LESING GT el. 2.LESING EPISTEL/LEKTIE/KAN EVT. GÅ UT. IKKJE VED KVG.
BIBELSK SALME/SALME	KAN EVT. GÅ UT.
ESING EPISTEL/LEKTIE M.KYRKJELYDSSVAR	LESING GT el. 2. LESING EPISTEL/LEKTIE/KAN EVT. GÅ UT . IKKJE VED KVG.
EVANGELIUM M.KYRKJELYDSSVAR / HALLELUJASONG/ LOVSONG. KL STÅR. EVT.BARNESAMLING.	KAN GÅ UT VED KVG. LEDDET ER FORENLIG I FASTETIDA.
PREIKE	OHG 2.11
TRUVEDKJENNING (CREDO)	OHG 2.11
SALME	OHG 2.13/KAN GÅ UT
KUNNGJERINGER	OHG 2.14
FORBØN FOR KYRKJA OG VERDA. KYRKJELYDSSVAR.	OHG 2.15
OFFERSALME. BØN FOR	OHG 2.16

<sup>1</sup> Forkortinger:  
 OHG=ORDNING FOR HOVUDGUDSTENESTE 2012  
 GTB I og II=GUDSTENESTEBOK FOR DNK 1977-1992  
 KL=Kyrkjelyd  
 FG=Familiegudsteneste  
 FM=Familiemesse  
 FORBGT=Forbønsgudsteneste  
 KVGT= KVELDSGT.  
 SKGT = SKULEGUDSGT.  
 BHGT = BARNEHAGEGUDST.

**Vedlegg 1 Strukturen for hovudgudstenesta**  
Vedteken i Øygarden sokneråd 31.10.2012 og endra i sak 004/13

OFFERET, EVT. VIN OG BRØD TIL ALTAR.	
TAKKSEIING OG BØN: HERREN VERE MED DYKK(SALUTATIO) HEILAG(SANCTUS) (KL STÅR HIT.) NATTVERDBØN (EUKARISTIBØN) INNSETJINGSORD(VERBA) FADER VÅR	OHG 2.17/GTB I s.66 flg./281 flg./KAN GÅ UT VED FG
NATTVERDSMÅLTIDET: FREDSHELSING(PAX) BRØDSBRYTING(FRACTIO) GUDS LAM(AGNUS DEI) INNBYDING MÅLTIDET(COMMUNIO)	OHG 2.19/GTB I s.66 flg./281 flg. /KAN GÅ UT VED FG
TILSEIINGSORD TAKKEBØN (POSTCOMMUNIO)	OHG 2.21/GTB I s.66 flg./281 flg. /KAN GÅ UT VED FG
VELSIGNING: BENEDICAMUS (LAT OSS PRISA HERREN)/ SALUTATIO (HERREN VERE MED DYKK)	OHG 2.22
UTSENDINGSORD	OHG 2.23
SALME. KL STÅR. KLOKKERINGING.	OHG 2.22/ OHG 2.24
POSTLUDIUM/ UTGANGSPROSESJON	OHG 2.24

**Øygarden Prestegjeld.**

**Blomvåg og Hjelme Sokn.**

**Vedlegg til Ordning for Hovudgudsteneste-Lokal Grunnordning.**

**Bruk av melodiar til liturgiske ledd. Versjon 02.09.2012**

**Forkortinger:**

AB 1920=Altarboka/Graduale 1920

PO=Prøveliturgien 1969

H77=Høgmessa 1977-1992

HG12=Hovudgudsteneste 2012

NoS=Norsk Salmebok

Nyn.Sal. =Nynorsk Salmebok

S97=Salmar 1997

SB=Songboka

SFS=Songar for dei små

BSB=Barnesangboka

<b>6.BØNEROP KYRIE</b>	<b>7.LOVSONG GLORIA/LAUDAMUS</b>	<b>12. EVANGELIET/HALLELUJASONG/LOVSONG<sup>1</sup></b>	<b>17. BØNESVAR/BØN FOR KYRKJA OG VERDA</b>
Kyrie for Festtidene(Kyrie XII, Graduale Romanum, tilr. Agnar Sandvik, 1969, H77)	Gloria I og II(Rolf Karlsen, PO 1969, H77, 2 alt. til innl.av prest)	Slavisk HG12 s. 708(S97 0192)	Kyrie(Taizé, S97 0155) ( <i>Óg som Kyrie</i> )
Kyrie for Fastetida(Kyrie XVI, Graduale Romanum, tilr. Egil Hovland, PO 1969, H77)	Gloria in Excelsis Deo(Taizé, S97 0243)	Taizé(S97 0193)	Kyrie(Taizé, S97 0161)
Kyrie(Ukrainsk, S97 0154)	All lov og pris og visdom(Terje Kvam, 1971, NoS 875)	Andrae Crouch(BSB 86)	Dmitri Bortnianskji: Fredslitaniet 952, svar
Kyrie(Taizé, S97 0155)	Vi lovar, prisar, tilbed deg.(Decius/Landstad/Brun voll, AB 1920, NoS 264, 2-4)	Salmevers(T.d. NoS 194, refr., Nyn.Sal. 711, v.2, og SB 129, v.1, Nynorsk, oms.SM 2006)	Trond Kverno: Fredslitaniet 953, svar(=NoS 940)
Kyrie(Nynorsk, AB 1920)	Evige Gud, v.1+4, Sigurd Lunde 1983, (S97 036 Nynorsk, oms.SM 2006)	Kumbaya, norsk refr. Ære vere deg, vår Gud(SFS 11, BSB 109)/ <i>Óg som Gloria</i> )	Kyrielitani(NoS 942)
Kyrie(Johan Varen Ugland, "Barn i Guds Tid", Messe for barn)	Majestet, Jan Honningdal/Jack Hayford(Nynorsk, oms. SM 2006)	Laudate/Syng Lovsong heile jorda(Sal.117,Taizé) (S97 0230) ( <i>Óg som Gloria</i> )	Litani(Johan Varen Ugland, "Barn i Guds Tid", Messe for barn)
Kyrie(Trond Kverno, HG12 s.678, =NoS 940, 953)	Gloria(Odd Johan Overøye, HG 12 s.541)	Høgtidsvers dei tre store høgtidene: NoS 48, 178, 216	Takkevers AB 1920
Kyrie(Trond Kverno, HG12 s.309, Missa ex ore infantium: 4 ledd)	Gloria(Kjell Mørk Karlsen, HG 12 s. 368)	3 Takkevers AB 1920 og H77	
	Gloria/Laudamus(Hilarius av Poitiers, NoS 942)	Sør-Afrika (HG 12 s. 712)	
		Ghana (HG 12 s.?)	

<sup>1</sup> Leddet er forenkla i fastetida.

<b>20.HEILAG SANCTUS</b>	<b>20. FADER VÅR</b>	<b>20.LEDD i NATTVERDBØNA</b>
Sanctus, Allmenn(Sanctus XVII, Graduale Romanum, AB1920, tilr. Egil Hovland, PO 1969, H77)	Fr.Naue/Egil Hovland(S97 0165)	Egil Hovland, Trond Kverno
Sanctus for Fastetida (Per Steenberg, 1952, AB1920, H77)		
Sanctus(Odd Johan Overøye, HG 12 s.551)		

<b>21.GUDS LAM AGNUS DEI</b>	<b>23.VELSIGNINGA BENEDICAMUS(LAT OSS PRISA HERREN)/SALUTATIO(HERREN VERE MED DYKK)(PREST)</b>	
Agnus Dei, Allmenn(Trond Kverno, Ordinarium Missae 1972, H77)	3 alternativ: AB 1920/H77/Nos 884, vers	
Agnus Dei for Fastetida(Agnus X, Graduale Romanum, tilr. Agnar Sandvik, H77)		
Agnus Dei for Festtidene(Agnus X, Graduale Romanum?, tilr. Agnar Sandvik, H77)		
Agnus Dei(Odd Johan Overøye, HG 12 s.555)		
Agnus Dei(Per Tveit, HG 12 s.350)		
Agnus Dei(Trond Kverno(1978), NOU:81:40 Nr.899 I)		

### Kommentarar:

Materiale vi nyttar i dag, og som bør videreførast, er sett med **blå skrift**, men

- Kyrie, Allmenn(Trond Kverno, Ordinarium Missae 1972, H77)
- Gloria(Måne og Sol, Britt G.Hallquist/Egil Hovland, 1973, FG 1982, NoS 943)
- Bønesvar: Herre, høyr vår bøn, H77, og
- Sanctus for Festtidene(Egil Hovland, Alle Helgens Messa 1970, og H77) er tekne ut.

Nytt stoff, **rød skrift**.

Det er ikkje lagt opp til store endringar.

Utvalet som er gjort stengjer ikkje ute andre alternativ.

M.a. kan tenkjast at det er meir aktuelt stoff t.d. i Taizé-, "Sprell Levande", "Soul Children"- tradisjonane, samt i BSB(Barnesalmeboka)RDU(Rop Det Ut) og TAT(Til Alle Tider).

Fleire melodiar frå Graduale-Messebok for Den norske kirke(O.M.Sandvik, 1925, til AB 1920) kan framleis vera aktuelle.

Same gjeld stoff frå Norsk Kantoribok(NOKA)2005 som (deler av)Bibelske Salmar.

Svenn Martinsen/s/  
Sokneprest

Kantor

Anne Lise Grøm/s/



## Soknepresten i Øygarden

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato: 18.januar 2013

Biskopen i Bjørgvin,  
Boks 1960-N,  
5817 BERGEN.

**Vedr. Ny Hovudgudsteneste og Dåpsliturgi.**

Eg har eit spørsmål til Biskopen.

### Bakgrunn for spørsmålet

Eg har trudd at det omforente Soknerådsvedtaket om Lokal Grunnordning i Øygarden datert 31.oktober 2012 og søknad om godkjenning av same er i samsvar med Kyrkjeretten i KM-vedtaka 2011:

**KM 7/11 Gudstenestereforma-almenne føresegner, og: KM 7.4/11 Gudstenestereforma-almenne føresegner for dåp.**

Eg viser så til epost frå Prosten i Vesthordland(lagt ved)datert 30.november 2012:

Svenn,

Jeg har fått godkjenning fra Biskopen om gudstjenesteordning for alle sokn med unntak av Blomvåg og Hjelme, men her er hans generelle kommentarer som gjelder alle sokn:

Generelle merknader til alle kyrkjelydar:

Det er vedtatt ein felles praksis i kyrkja at alle hovudgudstenester har ei samlingsbøn i starten som fast ledd, at ein sit under dei to fyrste tekstlesingane, og at ein har truvedkjenninga etter preika. Denne felles praksis er det ikkje opna for unntak frå.

Det må gå klart fram av ordninga om Dagens bøn er eit fast ledd eller ikkje. Når ein nyttar ledd frå eldre liturgiar er det formuleringane til dei faste ledda i den nye liturgien som skal nyttast. Kunngjeringar høyrer ikkje heime i informasjonen før gudstenesta.

Sakramenta er kyrkja sin felles arv og feiring difor skal dåpsliturgien og nattverdliturgiane brukast slik dei står i gudstenestepermen utan lokale tillegg eller fråtrekk. Dette gjeld og på andre gudstenester enn hovudgudstenesta som til dømes ungdomsgudstenester.

Dei lokale gudstenestene må justerast i samsvar med desse merknadane og eventuell justert grunnordning skal sendast til prosten, ikkje til bispekontoret. Det skal lagast ei fyldig agenda av normalordninga i kvart sokn slik at ein vikar kan halda gudstenesta etter det. Dette må vera tilgjengeleg lokalt og sendst til prosten.

Det har vore knapp tid til å prøva ut alternativ, så dersom sokneråda ynskjer det kan ein prøva ut andre alternativ frå gudstenestepermen med tanke på evaluering og fornying av den grunnordning ein har laga. Dette gjeld også musikken, der det kan koma nye alternativ i tida som kjem<sup>1</sup>.

### Vurdering

#### A. Ad Kyrkjemøte(KM)-vedtaka 2011:

Eg har lese KM-vedtaka nøyde og det kan sjå ut som om Bispeuttalen i avsnitt 2 og 3 går noko vidare enn desse.

Begge dei vedtekne nyordningane har mange fine element, men det må vere lov å ha det synet at dei gamle ordningane har ein fullnad vi må ha med oss vidare. Dette var også mitt råd til dei to kyrkjelydane eg er tiltrutt. Den kristne fridomen er også viktig i ei luthersk kyrkje, eg viser til CA VII. Slik eg les KM-vedtaka tillet dei bruk av dei gamle ordningane eller deler av dei. KM-2011 var særskilt på dette. I **Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudstenesta (pkt. A6 og A7)(Sak KM 7/11)** står det jo:

<sup>1</sup> Prosten opplyser ikkje når Biskopen har sagt dette, og det er heller ikkje opplyst kva journalnr. saka har. Utklipp frå ein lengre tekst?  
Org nr.: 874 741 582  
Adresse: Boks 100, 5331 Rong.  
Telefon: Kontor. +47 56 38 22 44  
Mobil: +47 950 67890  
Faks: +47 56 38 22 41  
Web: www.stellamaris.no  
Epost: sokneprest@kyrkja.net



## Soknepresten i Øygarden

**"Biskopen kan etter søknad godkjenna at kyrkjelydar held fram med å bruka liturgiane frå 1920 og 1977, eller delar av dei, anten fast eller nokre gonger i året. Ei slik godkjenning kan ein få for inntil fire år om gongen. Soknemøtet skal få høve til å koma med sitt syn før soknerådet sender ein slik søknad...Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudstenesta gjeld også dåp...."**

**Dåpsliturgiane frå 1920 og 1977 er altså med vidare. I del 2 av vedtaket i sak KM 7.4/11 står også dette:**

**"Biskopen kan etter søknad godkjenna at kyrkjelydar held fram med å bruka dåpsliturgiane frå 1920 og 1977. Godkjenning kan gjevast for inntil fire år om gongen...."**

### B. BBD si høyningsuttale 2010:

"094/10: Høyring - Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudstenesta og Allmenne føresegner for dåp

BBDR-094/10 02.11.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd og Bjørgvin biskop gjev felles høyningsuttale.

#### HØYRINGSSPØRSMÅL:

##### Ordning for hovedgudstjeneste A. Regelverk og definisjoner

1. Er dere enige i at det skal være mulig å søke om å få bruke 1920 eller 1977 liturgien i en overgangsperiode fast eller på enkelte gudstjenester?

Svar: Ja, både fast og på einskilde gudstenester.

Evt. kommentarer: Den nye hovudgudstenesta vert fattigare når spesialdagane med annleis liturgi, som Langfredag og Bots- og bededag er tatt ut. Dette vil også gjelda for familiemessa som nokre stader er blitt innarbeidd som eit godt alternativ til familiegudsteneste. Difor må det vera mogeleg å bruka det rike liturgiske materialet i den noverande gudstenesteboka, slik som ein gjennom mange år har oppfordra kyrkjelydane til å gjera. Og det må vera mogeleg å bruka den noverande nattverdliturgien som eit alternativ til dei nye alternativa. Det vil ikkje vera rimeleg at ein understrekar fleksibilitet og lagar ein ny liturgi som er nesten lik den gamle og så vil forby den gamle. Den nye liturgien må vinna fram på grunn av sine kvalitetar og ikkje på grunn av forbod mot andre liturgiar...."

*Det ser ut for meg som om Bispeuttales vidaresendt fra Prosten går i ei anna retning enn dette BBDR-vedtaket.*

### Konklusjon og Spørsmål

*Eg meiner med dette å ha vist at dei vedtak og dokument som er lagt fram i denne saka, frå Biskop, Kyrkjemøte og Bispedømeråd kan oppfattast i fleire retningar.*

*Eg vél å ta dette positivt som uttrykk for rikt engasjement og mangfold rundt gudstenestefeiringa. Men det same gjeld også Øygarden sitt vedtak om Lokal Grunnordning i haust. På Soknemøte og i Sokneråd vårt nok 2011-ordninga vedteke, men eg har samstundes oppfatta at kyrkjelydane ville ha med seg arven frå 1920 og 1977.*

*For meg som Sokneprest er dette ei viktig sak. Eg har eit hjarteleg ønskje om å sluttføre henne snarast mogleg- på ein god måte, og i forståing med Dykk.*

*Difor spør eg som Sokneprest om dette no kan godkjennast.*

med venleg hilsing  
Svenn Martinsen/s/  
Sokneprest



Kopi: Øygarden Sokneråd, Bjørgvin Bispedømeråd.

#### CA(CONFESSIO AUGUSTANA) ARTIKKEL 7.

Likeins lærer dei at det alltid vil versta verande ei heilag kyrkje. Men kyrkja er forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lært rein og sakramenta forvalta rett. Og til sann einskaps i kyrkja er det nok å vera samd om evangelielæra og om forvaltinga av sakramenta. Men det er ikke naudsynleg at det allstad er einsarta menneskelege overleveringar eller skikkar eller seremoniar som er fastsette av menneske. Som Paulus seier: «Éi tru, éin dåp, éin Gud og Far åt alle osb.» (Ef 4, 4-5).

## Kyrkjeverje

---

**Fra:** Svenn Martinsen [svennm@online.no]

**Sendt:** 22. januar 2013 21:03

**Til:** ErlingVik Vik

**Kopi:** Kårbø Andreas; ØyvindSolsvik; AstridRustad Astrid; Fjeldstad Bjørg; IngebjørgMartinussen; JakobBlom; Råmund Skjold; Kyrkjeverje Martin; TuridAmenya

**Emne:** Alternativt framlegg Soknerådssak 04/2013

Kjære medarbeidarar!

Eg har studert saksframlegget i Soknerådet si Sak 04/2013 og kom til at eg ville fremja eit alternativt framlegg.

Det er mitt pastorale og faglege råd at dette vert vedteke.

Meir forklaring på møtet i morgen.

Vel møtt!

Svenn  
Svenn Martinsen  
Sokneprest i Øygarden  
95067890

---

**Øygarden Sokneråd Sak 04/2013:**

*Alternativt framlegg til vedtak frå Soknepresten i Øygarden:*

Soknerådet sitt vedtak i Sak 29/2012 vert stadfesta, men desse endringar vert gjort i Lokal Grunnordning:

1. Ledd 1 Førebuing vert endra til å lyda:

Kyrkjerommet skal vera ope i god tid før gudstenesta tek til.

Klokkeringing, informasjon om gudstenesta i dag, stille, 3 klokkeslag.

Syndsvedkjenninga si plassering er etter Samlingsbøna.

Dåpen kjem etter Lovsong Gloria.

2. Ledd 8. Dagens bøn.

Dette leddet vert bare brukt ved Høgmesser.

3. Ledd 21. Nattverdmåltidet.

Liturgen kan bryta brødet.

4. Liturgen kan nyitta liturgiane frå 1920 og 1977 eller deler av dei i tråd med Allmenne føresegner i

Kyrkjemøtevedtaka 7/11 og 7.4/11.

---

**Dokumentasjon:**

**pkt. A6 og A7 i:**

<http://www.kirken.no/?event=downloadFile&FamID=241178>

**Punkt 2 i:**

<http://www.kirken.no/?event=downloadFile&FamID=175685>

**Side med dei nye liturgiane:**

<http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=178213>